

**2018-2021**

**Plan for  
trafikktryggleik**



Vestre Slidre kommune

# INNHALD

1. Innleiing
2. Rammar og føringar
3. Status i Vestre Slidre
4. Mål og strategiar
5. Tiltak
6. Kjelder

# 1 INNLEIING

## Bakgrunn og formål med planarbeidet

Trafikktryggleiksplanen er utarbeida i samsvar med vedteken kommunal planstrategi 2016-2019 (KS-sak 16/385). Formålet med planen er å vidareføre innsatsen med trafikktryggleiksarbeid, og å være et verktøy for kommunens arbeid på området. Planen skal også gi innspel og være en pådrivar overfor Oppland fylkes trafikktryggleiksutvalg (FTU), Oppland fylkeskommune og Statens vegvesen sine prioriteringar i egne planar.

Nasjonal transportplan 2018-2029 sin visjon om at det ikkje skal førekomme ulykker med drepne og hardt skadde i vegtrafikken (nullvisjonen), er også en visjon for kommunens trafikktryggleiksarbeid. Gjennom rollen som vegeigar, barnehage- og skuleeigar, arbeidsgjevar og ansvarlig instans for bebuaranes helse og trivsel, har kommunen ein viktig rolle i arbeidet med å førebyggje trafikkulukker.

Kommunens mål er å leggje til rette for trafikktryggleik og effektivitet i trafikkavviklinga slik at ulukker kan unngåas. Gjennom førebyggjande og holdningsskapande arbeid, prioritering og gjennomføring av fysiske tiltak, skal trafikken gjerast sikrere for alle trafikantgrupper.

Trafikktryggleik er eit tverrsektorielt arbeid som omfattar alle verksemdar i kommunen. Tiltaka er organisatoriske, trafikantretta og retta mot fysiske vegtiltak.

Vegtiltaka som Statens vegvesen har ansvaret for, har stort omfang og viser kommunens ynskte prioriteringar av tiltak og står utan tidsangjeving. Det sjåast som viktig å ha ein best mogleg oversikt over dei vegstrekningar/-punkt som kan være trafikktryggleiksmessig utfordrande, og vidare belyse dei behov for utbetringar som eksisterer overfor ansvarleg vegeigar.

Planen er utarbeidd i samarbeid med barnehage, skule, representantar for utsette grupper (barn, ungdom, eldre, personer med nedsett funksjonsevne), kommuneadministrasjon, lokale og regionale trafikktryggleiksaktørar. Medverknad er i tillegg ivaretatt gjennom lokale høyringsprosessar. Planen vert behandla i kommunestyret 14.12.2017.

## 2 RAMMAR OG FØRINGAR

### 2.1 Lovverk

Aktuelt lovverk i planarbeidet er:

- Plan- og bygningsloven - Vegtrafikkloven
- Folkehelseloven - Opplæringsloven og Barnehageloven
- Diskriminerings- og tilgjengelegheitsloven

### 2.2 Nasjonale føringar

- **Nasjonal transportplan (NTP) 2018- 2029**
- **Nasjonal tiltaksplan for trafikktryggleik på veg 2014-2017**
- **Læreplanverket for Kunnskapsløftet i grunnskolen**
- **Rammeplan for barnehagen**

### 2.3 Regionale føringar

- **Handlingsprogram for fylkesveger 2014–2017.** *Programmet er utarbeidet av Oppland fylkeskommune og revideras i 2017.*
- **Handlingsplan for trafiksikkerhet 2014-2017, Oppland.** *Planen er utarbeidd av Oppland fylkes trafiksikkerhetsutvalg (FTU).*

### 2.4 Kommunale føringar

- **Kommunal planstrategi 2016-2019**

Det er gjennom kommunal planstrategi 2016-2019 (KS-sak 16/385) vedteken at det skal utarbeidas ein ny plan for trafikktryggleik i 2017. I planstrategien er det vidare sagt at man skal «*legge til rette for framtidig gode trafikkføysingar for kollektivtransport, biler, gåande og syklende.*»

- **Kommuneplanens samfunnsdel**

Ny kommuneplan (samfunnsdel) vert vedteken i kommunestyre 22.06.2017 (KS-sak 17/3048).

Trafikktryggleik er relevant innafor alle områder i planen. Kommuneplanens samfunnsdel er basert på ei rekke analysar og utredningar, mellom anna kommunens folkehelseoversikt og utfordringsnotatet som ligg til grunn for den kommunale planstrategien for perioden 2016-2019.

- **Heilskapleg ROS-analyse (risiko- og sårbarheitsanalyse) for Vestre Slidre kommune**

Oppdatert ROS-analyse for Vestre Slidre kommune skal presenterast for godkjenning i kommunestyret 14.09.2017. Analysen inneheld ei kartlegging av hendingar som kan inntreffe i kommunen og en vurdering av kor sårbar Vestre Slidre er for disse.

### 2.5 Gjennomgåande tema

- **Folkehelse**

Ulukker som fører til personskade er ei stor utfordring for folkehelsa. Det som er spesielt for trafikkulukker er at det tar relativt mange unge liv.

- **Miljø, energi og klima (reduerte klimautslepp og klimatilpasning)**

Trafikk og miljø høyrer tett saman. Viktige miljøtiltak inkluderar reduksjon av klimagassar, førebygging av støy og lokal luftforureining, og auka fokus på kollektivtrafikk, gang- og sykkelbruk.

- **Universell utforming og anna inkludering**

Universell utforming er viktig i all planlegging for å sikre eit likeverdig tilbod til alle kommunens innbyggjarar og besøkande. Dette gjeld også trafikktryggleik. Inkludering skal vere rettleiande i all kommunal planlegging.

- **Barn og unge**

Barn og unge er ei utsatt gruppe i trafikkbilete. For å førebyggje trafikkulykker er arbeid retta mot denne gruppa sær viktig. Her er det avgjerande med eit breitt og kontinuerlig fokus, der vegtiltak og holdningsskapande arbeid går hand i hand.

### 3 STATUS I VESTRE SLIDRE

Dei største trafikktryggleiksmessige utfordringane i Vestre Slidre kommune er knytt til avklaring av trasé for E16 Fagernes-Hande; spreidd busetting som saman med begrensa kollektivtilbod fører til utstrakt bruk av private køyretøy; utstrakt bruk av buss/drosje for transport av elevar til/frå skulen; trafikkavvikling rundt skule- og barnehageområder; stor turist- og hyttetraffic; sterk auke i tungtrafic; høgare fart og meir aggressiv køyrestil blant bilistar.

Det arbeidas i dag godt med desse utfordringane innafor fleire områder.

Sikring av at E16 Fagernes-Hande vert prioritert i oppfølginga av ny Nasjonal transportplan er eit viktig satsingsområde politisk og administrativt i kommunen. Dette vil ha stor betydning for å sikre tryggare ferdsel for innbyggjarar, besøkjande og tungtransport i og gjennom kommunen.

Oppretthalding av den spreidde busettinga i kommunen er eit uttalt mål i den nye kommuneplanens samfunnsdel. Utstrakt bruk av private køyretøy, buss og drosje vil dermed fortsette å vere ei utfordring i Vestre Slidre kommune. Det jobbas derfor med tettstadsutvikling, fleire og samanhengande gang- og sykkelveggar, og el-bil/busstilbod for å begrense biltrafikken så mykje som mogleg.

I barnehagar og skule jobbast det kontinuerleg med trafikktryggleik med barn og ungdom med utgangspunkt i rammeplan. Organisering av trafikken rundt parkeringsplassane er tydeleg merka og kommunisert til foreldre, tilsette og drosje/buss-sjåførar.

## 4 MÅL OG STRATEGIAR

### 4.1 Overordna mål – nullvisjonen

Det skal ikkje førekomme ulukker med drepne eller hardt skadde i vegtrafikken i Vestre Slidre kommune.

### 4.2 Mål

Auka kunnskap og haldningsutvikling angående trafikktryggleik hos befolkninga/trafikanter i Vestre Slidre.

Auka tryggleik på vegnettet i kommunen.

Få godkjent og oppretthalde status som trafikksikker kommune.

### 4.3 Strategiar

For å nå måla er det satt opp ei rekke strategiar som gir grunnlag og føringar for prioriterte tiltak og investeringar. Ein tydeleg raud tråd mellom utfordringar, mål, strategi og tiltak er viktig for ein *vellukka planprosess* inkludert *gjennomføring* og *resultat av tiltak*.

- Legge til rette for auka trafikktryggleik i kommunen.
- Sette større fokus på den delen av trafikktryggingsarbeidet som omhandlar førebuing og haldningsskapande tiltak.
- Auke fokuset på trafikktryggleik rundt barnehagar og skule.
- Styrke fokuset på trafikktryggleik i tema/fagplanar for barnehage/skule.
- Arbeide for auka samarbeid mellom aktuelle aktørar innafor trafikktryggleik.
- Auke fokuset og innsatsen på aktuelle problemstillingar i forhold til eldre og trafikktryggleik.
- Løfte arbeidet med trafikktryggleik til å gjelde heile kommunen som organisasjon og synleggjere betydninga dette har for folkehelsa.
- Bruke aktivt dei fora som er tilgjengelege for å kunne informere/spreie kunnskap om trafikktryggleik til kommunen sine innbyggjarar.
- Bruke ulukkesstatistikk for å betre kunne førebu trafikkulukker når det gjeld utsette grupper, vegstrekningar, tidspunkt osb.
- Sikre samordning mellom gjeldande trafikktryggleiksplan og andre aktuelle planar i kommunen.
- Søke tilskot til trafikktryggingsarbeid i kommunen.

Vi har en visjon



**NULLVISJONEN**

Figur x: Nullvisjonen

## 6 TILTAK 2018-2021

### Organisatoriske tiltak og trafikanttiltak, barnehage og skule

Organisatoriske tiltak inneber her administrasjon, planverk, regler og rutinar som legg til rette for auka trafikktryggleik. Trafikanttiltak inneber her trafikkopplæring, førebuande og haldningsskapande arbeid og informasjon. Arbeid retta mot barn og unge skal prioriterast innafor alle områder.

Strategi	Tiltak	2018	2019	2020	2021	Ansvarleg
Alle strategiar	Utarbeidde temaplan trafikktryggleik.	X				Rådmann
-	Søkje og oppretthalde status som trafikksikker kommune.			X	X	Rådmann
-	Søkje tilskot til og gjennomføre tiltak for trafikktryggleik.	X	X	X	X	Rådmann
-	Trafikktryggleik takast opp som årlig tema i kommunens arbeidsmiljøutval (AMU).	X	X	X	X	Rådmann
Bruke aktivt dei fora som er tilgjengelege for å kunne informere/spreie kunnskap om trafikktryggleik til kommunen sine innbyggjarar.	Bruke kommunens heimeside og facebook for å informere/sprei kunnskap om trafikktryggleik.	X	X	X	X	Rådmann
	Bruke foreldremøter, SU og FAU-møter for å informere/sprei kunnskap om trafikktryggleik.	X	X	X	X	Verksemdsleiar (verk.leiar)
Bruke ulukkesstatistikk for å betre kunne førebu trafikkulukker.	Kartlegge ulukker.	X	X	X	X	Kommunen får denne informasjonen frå SVV i mai kvart år.
	Bruke statistikk når det gjeld utsette grupper, vegstrekningar, tidspunkt osv. for å førebu ulukker.	X	X	X	X	Rådmann
	Iverksetje tiltak retta mot utsette grupper (unge, eldre, personer med nedsett funksjonsevne osv.).	X	X	X	X	Rådmann/verk.leiar

Styrke fokuset på trafikktryggleik i tema/fagplanar for barnehage/skule.	Årshjul for trafikkarbeid i barnehage og skule oppdaterast årleg og implementeras fortløpande.	X	X	X	X	Verk.leiar
	Mopedkurs og trafikalt grunnkurs i ungdomsskulen.	X	X	X	X	Verk.leiar
Auke fokuset på trafikktryggleik rundt barnehagar og skule.	God organisering og opplæring knytt til trafikk rundt barnehage og skule	X	X	X	X	Verk.leiar
Sette større fokus på den delen av trafikktryggingsarbeidet som omhandlar førebuing og haldningsskapande tiltak.	Trafikkbrosjyre for barnehage, skule, foreldre, rettleiing gj. helsestasjon.	X	X	X	X	Verk.leiar, helsesystem-tenesta.
	Retningslinjer for turar i barnehage og skule.	X	X	X	X	Verk.leiar
	Foreldresamarbeid.	X	X	X	X	Verk.leiar
Løfte arbeidet med trafikktryggleik til å gjelde heile kommunen som organisasjon og synleggjere betydninga dette har for folkehelsa.	Bruke tilgjengeleg kompetanse/samarbeide med andre (til dømes folkehelsekoordinator, helsestasjon, busselskap, lensmann, trygg trafikk/NAF, forsikringsselskap, FAU, SU).	X	X	X	X	Verk.leiar, helsesystem, fysioterapi-tenesta.
	Kompetanseheving for medarbeidarar.	X	X	X	X	Rådmann
Arbeide for auka samarbeid mellom aktuelle aktørar innafor trafikktryggleik.	Sikre nært samarbeid mellom kommunen og Opplandstrafikk med kontinuerleg dialog og evaluering.	X	X	X	X	Opplandstrafikk og rådgjevar oppvekst.

## Vegtiltak for Vestre Slidre kommune

Vegtiltak inneberer her prioriterte fysiske tiltak på gang- og sykkelveger, kommunale veger, fylkesveger og Europaveger.

Tiltak nr.	Område	Tiltak	Beskrivelse	Ansvarleg
1.	Vøllavegen (kommunal veg i Slidre)	Gangveg	1850 meter ny gangveg langs Vøllavegen frå Slidredomen til Husaker	VSK
2.	Fv 261 Røn ved Fosheim hotell	Gangveg	450 meter gangveg frå Fosheim hotell til Fosheim bru	SVV
3.	Fv 265 langs Slidrevegen i Slidre	Gangveg og overgangsfelt	Utvidelse av 430 meter gangveg med overgangsfelt. Frå Sjukeheimkrysset til Viovegen	VSK/SVV
4.	Langs Fv 265 frå E16 til Rønebergvegen i Røn	Gangveg	180 meter utvidelse av gangveg som knytter Røn og adkomst til bustadfelt i Rønebergvegen	SVV
5.	Fv 265: Slidre skule Avskjerming mot Fv 265 i skuletida	Mobilt gjerde.	Sikkerheitstiltak som vil avskjerme skulegarden frå fylkesvegen i skuletida. Enten gjerder med hjul som kan trilles vekk eller tauverk som takast ned utanfor skuletida. Tiltaket må være mobilt då skulebussane bruker området som snuplass til å plukke opp elevar.	VSK

6.	Fv. 265 ved avkjørsel til Kyrkjevegen ved Røn kyrkje	Fartdemper og nedsatt hastighet ved uoversiktlig sving.	Avstigning fra skulebuss i uoversiktlig sving uten overgangsfelt i 60-sone.	VSK/SVV
7.	Panoramavegen (kommunal veg)	Gangveg	Forlenging av gangveg Arve B. Ringen til Fosheim sæter	VSK
8.	Panoramavegen (kommunal veg)	Utbedring av gangveg	Asfaltering av eksisterande gangveg frå Arve B. Ringen til Brennabu	VSK
9.	Skuleopplæring	Tilbod om trafikk opplæring i ungdomskulen	Mopedkurs og trafikalt grunnkurs i ungdomsskulen	VSK
10.	Prosjekt	Oversikt over farlege punkt langs veg	Lage eit prosjekt der ein går gjennom alle fylkesvegar for å påvise farlege og uoversiktlige punkt. Dette vil inngå i neste revisjon av trafikktryggleikplanen.	VSK
<b>Ønsket utbedringstiltak langs E16</b>				
•	Røn sentrum	Gang- og sykkelveg	Utarbeiding av sykkelveg gjennom Røn sentrum. Frå YX bensinstasjon til kryss ved Fv 265	SSV
•	Storhaugsvingen	Gang- og sykkelveg	Utbedring av Storhaugsvingen på E16	SSV
•	Røn – Slidre	Gang- og sykkelveg	På grunn av sentralisering av skulen, er det fleire som må bruke andre ruter for å komme seg til skulen. Ønsket prioritering av 4 km gang- og sykkelveg frå Slidre skule retning Røn.	SSV



## 8 Kjelder

- Lovdata (2016) *Plan- og bygningsloven*. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71> (28.06.2017).
- Oppland Fylkeskommune. Handlingsprogram for fylkesveger 2014-2017. Tilgjengeleg frå: <http://www.oppland.no/fagomrader/samferdsel/fylkesveger/handlingsprogram-for-fylkesveger/> (28.06.2017).
- Oppland Fylkeskommune. *Handlingsprogram for trafiktryggleik 2014-2017*. Tilgjengeleg frå: <https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=996&Fillid=261> (28.06.2017).
- Oppland Fylkeskommune, Trygg Trafikk m.fl. *Veileder for en Trafikksikker kommune*. Tilgjengeleg frå: <https://www.oppland.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=996&Fillid=4007> (28.06.2017).
- Regjeringen.no (2017) *Nasjonal Transportplan*. Tilgjengeleg frå: <http://www.ntp.dep.no/> (28.06.2017).
- Statens vegvesen m.fl. *Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2014-2017*. Tilgjengeleg på [https://www.vegvesen.no/attachment/598739/binary/949929?fast\\_title=Nasjonal+tiltaksplan+for+trafikksikkerhet+2014-17.pdf](https://www.vegvesen.no/attachment/598739/binary/949929?fast_title=Nasjonal+tiltaksplan+for+trafikksikkerhet+2014-17.pdf) (28.06.2017).
- Statens vegvesen. *Vegliste 2016, fylkes- og kommunale veger*. Tilgjengeleg frå: <https://lovdata.no/static/OV/lf-20160330-0317-01-01.pdf?timestamp=1459483282000> (28.06.2017).
- Trygg Trafikk (2010) *Særlig farlig eller vanskelig skolevei – veileder*. Tilgjengeleg frå: [https://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2013/10/Farlig\\_skolevei\\_veileder.pdf](https://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2013/10/Farlig_skolevei_veileder.pdf) (28.06.2017).
- *Trafikksikkerhetshåndboken*. Tilgjengeleg frå: <http://tsh.toi.no/> (28.06.2017).
- Vestre Slidre Kommune (2016) *Kommunal Planstrategi*. Tilgjengeleg frå: <http://www.vestre-slidre.kommune.no/Handlers/fh.ashx?Mid1=542&Fillid=2865> (28.06.2017).
- Vestre Slidre Kommune (2017) *Kommuneplanens samfunnsdel*. KS-sak 17/3048.